



Meland kommune  
Postboks 79

5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/879 - 15/20028

Saksbehandlar:  
Arnold Matre  
Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:  
22.05.2015

## Uttale til framlegg til planprogram for Midtmarka og Rotemyra i Meland kommune

Vedlagt følgjer vedtak i Plan- og miljøutvalet 19.05.2015.

Med helsing  
Arnold Matre  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Meland kommune



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
082/15	Plan- og miljøutvalet	PS	19.05.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Arnold Matre	15/879

## Uttale til framlegg til planprogram for Midtmarka og Rotemyra i Meland kommune

### Vedlegg:

Planprogram for Midtmarka og Rotemyra 02.03.2015

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet gjev følgjande uttale:

Plan- og miljøutvalet syner til framlegg til planprogram for Midtmarka på Flatøy. Utvalet ser det som positivt at det vert gjort eit grundig analyse- og planarbeid i høve etablering av større byggeområde i Midtmarka og Rotemyra. Det er viktig at kommunane i Nordhordland gjennom arealpolitikken legg til rette for vidare utvikling av regionen, særleg i høve til Bergensområdet. Sentrale grep vil vera å styrkja lokalsentra, kommunesentra og regionsenteret. Utvalet ser såleis positivt på at eit av utviklingsmåla gjennom tiltaket er «å styrkja og vidareutvikla regionsenteret Knarvik, og leggja til rette for ei utvikling av aksene Frekhaug – Flatøy – Knarvik».

Ei styrking av busetnad og næringsliv i nabokommunane til Lindås vil også vera med på å styrkja regionsenteret og særleg då grunnlaget for private og offentlege tenester som er meint å dekkja eit større omland.

I tillegg til arbeidet med områdeplan for Knarvik sentrum står Lindås kommune framfor oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Knarvik – Alversund. Det er også starta opp områdeplan for Lonene i Knarvik, der det vert lagt til rette for eit stor utbygging.

Samla vil planane i Lindås og Meland opna for ei potensiell stor utbygging og påfølgjande folkeauke. Dette gjev store mogelegheiter for vår region.

Utvalet vil likevel peika på at det er viktig at ei framtidig utvikling av Midtmarka vert sett i samanheng med tettstadane Frekhaug, Alversund og Knarvik. Fleirtalet av innbyggjarane i Meland og Lindås vil bu innanfor dette relativt geografisk avgrensa området. Gjennom overordna planarbeid vert det viktig å sjå på kva som er fornuftig fordeling av arealføremål, funksjonar og tenester. I alt planarbeid må tilrettelegging for mjuke trafikantar mellom desse tettstadane vera sentralt.

## **Plan- og miljøutvalet - 082/15**

### **PM - behandling:**

#### **Fellesframlegg:**

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

*Utvalet ynskjer at Lindås kommune og Meland kommune tar opp igjen dialogen rundt høyspentlinja frå Juvikstølen over Hagelsundet og gjennom planområdet til Håøy. I spørsmålet om siluett, ber ein om at ein vurderer å oppretthalde grøn siluett mot Hagelsundet (Indre Farlei).*

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

### **PM - vedtak:**

#### **Uttale i plan- og miljøutvalet - 19.05.2015:**

Plan- og miljøutvalet syner til framlegg til planprogram for Midtmarka på Flatøy. Utvalet ser det som positivt at det vert gjort eit grundig analyse- og planarbeid i høve etablering av større byggjeområde i Midtmarka og Rotemyra. Det er viktig at kommunane i Nordhordland gjennom arealpolitikken legg til rette for vidare utvikling av regionen, særleg i høve til Bergensområdet. Sentrale grep vil vera å styrkja lokalsentra, kommunesentra og regionsenteret. Utvalet ser såleis positivt på at eit av utviklingsmåla gjennom tiltaket er «å styrkja og vidareutvikla regionsenteret Knarvik, og leggja til rette for ei utvikling av aksa Frekhaug – Flatøy – Knarvik».

Ei styrking av busetnad og næringsliv i nabokommunane til Lindås vil også vera med på å styrkja regionsenteret og særleg då grunnlaget for private og offentlege tenester som er meint å dekkja eit større omland.

I tillegg til arbeidet med områdeplan for Knarvik sentrum står Lindås kommune framfor oppstart av arbeidet med kommunedelplan for Knarvik – Alversund. Det er også starta opp områdeplan for Lonene i Knarvik, der det vert lagt til rette for eit stor utbygging.

Samla vil planane i Lindås og Meland opna for ei potensiell stor utbygging og påfølgjande folkeauke. Dette gjev store mogelegheiter for vår region.

Utvalet vil likevel peika på at det er viktig at ei framtidig utvikling av Midtmarka vert sett i samanheng med tettstadane Frekhaug, Alversund og Knarvik. Fleirtalet av innbyggjarane i Meland og Lindås vil bu innanfor dette relativt geografisk avgrensa området. Gjennom overordna planarbeid vert det viktig å sjå på kva som er fornuftig fordeling av arealføremål, funksjonar og tenester. I alt planarbeid må tilrettelegging for mjuke trafikantar mellom desse tettstadane vera sentralt.

Utvalet ynskjer at Lindås kommune og Meland kommune tar opp igjen dialogen rundt høyspentlinja frå Juvikstølen over Hagelsundet og gjennom planområdet til Håøy. I spørsmålet om siluett, ber ein om at ein vurderer å oppretthalde grøn siluett mot

Hagelsundet (Indre Farlei).

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

**Bakgrunn**

Meland kommune er i slutfasen av handsaminga av kommuneplanen sin arealdel for perioden 2014 – 2026. Midtmarka er sett av til utbygging både i gjeldande kommuneplan og i framlegg til ny kommuneplan. Vidare har utvikling av Midtmarka på Flatøy vore tema i Meland kommune sidan 70 – talet. Arbeidet med områdeplan for Midtmarka er no starta opp og framlegg til planprogram er sendt på høyring.

I planprogrammet er det skildra at det vil verta lagt opp til høg utnytting i Midtmarka. Utbygginga skal gjennomførast med høg tettleik, med urban struktur og med funksjonsblanding med innslag av næringsføremål. I delar av strandsona er det lagt til rette for sjøtilknytt næringsverksemd med hotell. Det vert også lagt til rette for næringsutvikling i Rotemyra .

Detaljar i kva som vil verta lagt til rette for innanfor planområdet vil koma fram gjennom arbeidet med sjølve områdereguleringsplanen. Så langt er det signalisert at det vil verta lagt hovudvekt på bustader og arbeidsplassar. Det er presisert at det ikkje skal opnast for etablering av kjøpesenter.

**Vurdering**

**Sjå framlegg til uttale**

.....